

Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 1 | 2024 | 79. årgang



| PÅSKE I OS | KONFIRMANTANE KJEM! | KONSERTER OG TEATER |

Gamalt nytt

Den fyrste utgåva av Os kyrkjeblad for året kjem når det nærmar seg påske. Kanskje har det vorte eit slags vårteikn i postkassa di? I dette nummeret er det mange perspektiv på alt det som er nytt om våren: Det nye livet i naturen, invitasjon til nye samlingar og arrangement, og det vi feirer i påska: Eit nytt liv der Jesus har sigra over døden. Det er noko av dette vår gode praksisprest Andreas Hatlevik Weltzien skriv om på neste side. Andreas er òg eit nytt innslag i staben, om enn berre for nokre veker no i vår. Kanskje er det òg noko som er heilt nytt i ditt liv nett denne våren?

Samstundes som vi har gode nyhende å melde, så skal noko få vere ved det gamle. Vi vil framleis ha open dør inn til rom for fellesskap, ro, refleksjon, bøn, sorg eller glede. Kanskje finst det ein parallell til dei stadig vekslende årstidene (som du kan lesa om på side 20) - alltid i forandring, men likevel ligg noko fast.

I månadane framover skjer det mange fine trusopplæringsarrangement, som "Opplev påsken" for femåringar, "Heilt førsteklasse!" (for førsteklasingar, sjølv sagt) og Skapingsdagane for 1. og 2. trinn i juni. Eit høgdepunkt blir det når eit stort kull med konfirmantar skal feirast med konfirmasjonsgudstenester i Os og Nore Neset kyrkjer i mai. Vi håper kvar enkelt har hatt eit spennande og lærerikt år, og at de kjenner dykk velkomne i våre fellesskap òg etter dette året!

Det er òg mykje god kultur på programmet for alle aldrar, med både konsertar, jubileumsfeiringar og teater. Leit deg fram til nokre favoritter og kom!

God lesnad!



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar, Os sokn
Fungerande kyrkjeverge,
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Noko av det vakraste som finst er årstider. Eller kanskje skifta mellom årstidene. Når våren nærmar seg sommar med varmare dagar. Frå sommar til haust med varme seinsommarkveldar og regn som pisker mot vindauga. Frå haust til vinter med mørkare kveldar og periodisk snødekte bakkar. Og ikkje minst når vinteren skil pent over i vår. Når kong vinter slepp litt og litt tak og vårens skjønnheit spring fram med varmare dagar, sol og grande dyreliv.

Vårens framspring med kvitveisen som trengjer seg opp gjennom halvfrossen jord og fuglekvitringa som så smått vekker oss om morgonen. Sola som smeltar vekk det siste av den grålege snøen som har ligge over bakkane som eit teppe. Bekkane som sildrer nedover og lagar den nydelegaste klukkelyd.

Om vi lyttar litt ekstra i denne overgangen er det akkurat som ein kan høyre naturen strekkje seg frå tåspissen og heilt ut i fingertuppene med eit deilig lite gjesp. Naturen er i oppstodingsmodus. Han vaknar opp litt og litt og vi kan berre byrje å ane den vakre skjønnheiten som våren er.

Vårens framspring er for meg eit av dei vakraste bileta på sjølv oppstoda. Naturens oppstandelse. Gjennom hausten og vinteren får vi bli med på at naturen litt og litt døyr. Blada fell, blommar visnar, dyr går i hi og fuglar dreg sørover. Men når våren kjem, snik blomane seg fram, av og til mellom snøflekke, trea tek til å knoppe seg og fuglane kvitrar på ny. Det er som at naturen vaknar opp att frå døden.

Vi nærmar oss påska. Tida då vi feirar Jesu siger over døden. I påskeveka får vi bli med på Jesu reise frå inntoget i Jerusalem til det siste måltidet med disiplane og krossfestinga på langfredag. Påska er forteljinga om at Jesus døyr på krossen og blir lagt i ei grav. Men forteljinga stoppar ikkje der. Vi får bli med vidare til påskedagen då Jesus sigrar over dødsriket og står opp att. Han vinn over døden og står opp att. Og så står det i Matteus:



Andreas Hatlevik Weltzien
Prestestudent i stiftspraksis
på Os våren 2024

Då rivna forhenget i tempelet i to, ovanfrå og heilt ned.

Matt 17,51a

Og Jesus gjer det dermed mogleg for alle menneske å få tre heilt inn til Gud. Inn til det aller hellagste.

Oppstodas under lar oss få tre inn framfor Gud og bli møtt av ein grensesprengande Gud som på nytt og på nytt møter oss med nåde, kjærleik, godleik og omsorg. Påskeforteljinga blir verdas vakraste forteljing om Gud som møter oss med ubetinga kjærleik fordi Han ynskjer å møte akkurat deg.



GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



“Husbandet” på Senior-Koinonia har sytt for godt tonefølge til allsongen i 20 år. Her ved Edvard Bjørnevik på mandolin og Einar Haugland ved pianoet, i lag med gjest Per Bjørkhaug på kornett (foto: Sigurd R. Tunestveit)

Velfylt bord og velfylt kyrkje på den tradisjonsrike juletreffesten i Nore Neset på heilagtrekongersdagen 6.januar. (Foto: Sigurd R. Tunestveit)



Hogtid i Os kyrkje då Gro Helen Blindheim Skjælaaen vart vigsla til kateket 3. desember, med prost Kristin Litlere, biskop Ragnhild Jepsen og soknerprest Roar Hallesby Eujedal til stades (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Ein snørisk vinter har kledd Os kyrkje i vinterdrakt (Foto: Linn Kjerstin Østgulen)



KRIK Os tok turen gymsalen på Kongshaug Musikkgymnas ein fredag i februar for å finne ny treningskameratar. Det er plass til fleire! (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)

Vekene før jul er kyrkja full av barnehage- og skuleborn, og det kan bli vel mykje å stå åleine framme og ta ansvar for slt som skal skje. Lucas har heldigvis meldt seg til å hjelpe kateket Gro Helen (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



Fast inventar på ungdommens julegalla: 1) Bandet Pickled Punx og 2) konfettikanonar! (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)

KOReDu er ein stor gjeng! Vil du vere med, er det plass til deg mellom 1. og 7. trinn - og vil du heller kome og høyre på, er det konsert 30. mai i Tunet! (Foto: Ingrid H. Halland)



Jorids sanseteater fascinerte store og små på Open barnehage i Tunet, og Jorid kjem heldigvis att i vår, 23. april og 28.mai! (Foto: Sylvi Lundgren)



Dyktige frivillige medarbeidarar syter for flotte minnesamvær i Tunet. F.v. Sigurd R. Tunestveit (læregutt/vikar), Kjell Aadland, Grete Surland Våge, Per Solberg og Becky Ogwu Hesjedal (foto: Inger-Johanne Haugland)



Os kyrkjelyd treng alltid fleire **FRIVILLIGE**



Har du eit ynskje om å bidra? Og ta del i eit fellesskap? Då er du hjarteleg velkomen som frivillig i Os kyrkjelyd!

Os kyrkjelyd har mange spennande aktivitetar vi treng frivillige til. Du kan vere saman med barn og ungdom, i samband med gudstenester eller til ulike aktivitetar i Tunet – for å nemne noko! Anten du trivst best i kulissane eller likar å stå i front, finst det ein plass for ditt engasjement.

Kor ofte du har lyst og høve til å vere frivillig, vel du sjølv. Alt i frå fleire gonger i veka til ein gong i året er mogleg. Du kan sjølvstendig vere engasjert i fleire ulike aktivitetar, om du ynskjer det.

Kyrkja vår bygger vi i lag. Det er bruk for deg!



Ine Sofie Moen
Frivilligkoordinator
im763@kyrkja.no

Bli frivillig du òg! →



HØGTID I OS KYRKJELYD

Påsken er ei stor og viktig høgtid i kyrkja. Vi feirar Jesu siger over døden, som gjer at vegen til Gud ligg open for oss. Ei rekkje bibelforteljingar har sitt opphav i påskeveka, frå palmesundag til påskedag. Vi inviterer deg til å ta del i feiringa og undringa i våre fellesskap gjennom denne høgtida!

DET SKJER I PÅSKEN:

TYSDAG 20. MARS - OS KYRKJE

Kl. 10.00 Skulegudsteneste for Os barneskule - men open for alle!

ONSDAG 21. MARS - OS KYRKJE

Kl. 10.00 "OPPLEV PÅSKA" - ei sanseleg påskevandring i kyrkjerommet for born fødd i 2019. Meld ditt barn på på nett!

PALMESUNDAG 24. MARS - OS KYRKJE

Kl. 11.00 Familiegudsteneste md dåp. Kyrkjekaffi i Tunet etterpå.

SKJÆRTORS DAG 28. MARS - LURANETUNET

Kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd

SKJÆRTORS DAG 28. MARS - NORE NESET KYRKJE

Kl. 19.00 Gudsteneste med nattverd. Song av Grethe Inger Berge.

Bli med på felles kveldsmåltid i kyrkjerommet etter gudstenesta.

LANGFREDAG 29. MARS - OS KYRKJE

Kl. 12.00 Pasjonsgudsteneste. Øyvind Gjerde deltek på saxofon

1. PÅSKEDAG SUNDAG 31. MARS - OS KYRKJE

Kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd. Vibeke Nordtveit deltek på kornett/trompet. Kyrkjekaffi i Tunet etterpå.

2. PÅSKEDAG 1. APRIL - SMIEVÅGEN

Kl. 12.00 Friluftsgudsteneste for store og små. Helge Haukås deltek på trompet/kornett.

Bålkos og grilling etter gudstenesta - ta med eigen mat!

Medan påsken er ei velkjend høgtid for dei fleste, er det nok mange som er mindre merksam på pin-sen - det som skjedde 50 dagar etter hendingane i påska. Ordet "pinse" stammer opprinneleg frå det greske *pentecosté*, som tyder nett "femtiande". Vi feirar at Gud sende Den Heilage Ande til menneska og slik er midt i blant oss i våre fellesskap. Tradisjonen tru blir det òg i år mellom anna gudsteneste i Lysekloster kapell i pinsehelga.

DET SKJER I PINSEN:

1. PINSEDAG SUNDAG 19. MAI - OS KYRKJE

Kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Kyrkjekaffi i Tunet etterpå.

2. PINSEDAG MÅNDAG 20. MAI - LYSEKLOSTER KAPELL

Kl. 11.00 Gudsteneste

Endringar kan koma - følg gjerne med på kalenderen vår på nettsida www.kyrkja.no/os/



Bandet Furu innfridde høge forventningar! (Foto: Bastian Bjørlykhaug Skauge)

JULEGALLA!



Powertrioen Pickledpunx strålte om kapp med det skyhøge juletreet.. (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)

Tradisjonen tru - ja, vi kan vel seie dét no, når det var andre gong denne store festen fann stad - samla over 90 festkleddede og feststemte ungdommar i ungdomsskule- og vidaregåande-alder seg ein førjulsfredag i Storsalen. Endeleg tid for årets julegalla! Gjestane kom over fjorden frå Fusasido eller gjennom tunnelen frå Bergen. Og her var det husrom til alle som ynskte å koma. Ein storstilt ungdomsdugnad er det blitt, og eit viktig høgdepunkt i førjulstida for mange. Og så er det gratis å koma!

Ute var det snødekt og minusgrader, ei perfekt ramme rundt ein flott kveld. Inne var det fire meter høge juletreer pynta, og idet ein entra gallasalen velta julestemninga over ein. Her i Storsalen var det dekt på langbord med kvite dukar, pynta med granbar, blomar og lyslenker, ingenting var overlatt til tilfeldighetane. Julemusikk på anlegget i bakgrunnen var berre oppvarminga før livemusikken skulle overta seinare på kvelden.

Kl. 18 på kvelden kom dei fyrste gjestane inn ein etter ein i nydelige kjolar og dressar, og paljetter som blinkte om kapp med nypussa sko. Flotte ungdommar vel vitande om at denne kvelden ville bli innhaldsrik og morosam saman med vener, og ikkje minst med moglegheit til å skapa nye vennskap og berre vera i lag i førjulstida.



Middagen som vart servert var pinnekjøtt med alt godt tilbehør til, det var buffet og ein kunne forsyne seg så mange gonger ein ynskte. Dessert var det også som seg hør og bør. Stemninga var på topp, prat og latteren gjekk lett mellom gjestane på borda og lydnivået hald seg høgt kvelden ut.

Kvelden vart stødige leia av konferansierane Mads Lund Halland og Martin Nygaard, som både var morosame og trygge i rolla. Først ut på scena var det lokalet bandet Pickledpunx som i kveld bestod av Olai Kobbeltvedt, Benjamin Martin Aase og Oliver Danielsen. Dei fyrte i gang den eine hiten etter den andre og fekk trampeklamp av publikum då siste riff tona ut.

Vidare fekk vi høyra vakker song frå Marthe Halsvik Duesund og Marius Lund Halland, som òg spelte piano. Om du då ikkje kom i julestemning så var det vel ikkje håp om det for deg i år! Det var lett å sjå og høyra at desse to hadde eit unikt samspel på scena.

Seinare på kvelden gjekk bandet Furu på scena. Bandet består av Gard Bertin Albriksen, Leon Nordvik Sivertsen, Torben Eliassen og Mina Gripsgård. Og dei leverte varane! Mellom anna "Run Rudolph Run (Chuck Berry)" og Chris Reas "Driving home for christmas" var imponerende og publikum var med heile vegen med herleg respons.

Til slutt vart dansegolvet rydda og gjestane heiv seg i sving. Ein slik heilafte i Tunet var fantastisk kjekt. Akkurat slik som arrangørane hadde håpa på. Bak gjennomføringa ligg det ein anseleg mengd dugnadstimar og månader med planlegging. Som medansvarleg med ungdommen for organisering av kvelden er eg kjempestolt og glad for å sjå at så mange engasjerer seg og bidreg i arbeidet, og at så mange ungdommar vil kle seg opp og bli med på festen. Eg vil òg nytta høvet til å takka alle foreldre og besteforeldre som har stilt opp på ulikt vis. Her har både unge og eldre lagt ned eit solid stykke arbeid! Ein stor takk blir òg sendt til Lyssand gartneri som stilte med blomar til julegallaen.

Martin Bakke Slåttsveen



GJER DEG KLAR...

SOSIALWEEKEND

UNGDOMSGUDSTJENESTENE

i Os kyrkje

fredag 5. april kl. 20.00
fredag 31. mai kl. 20.00

Det blir open møteplass i Tunet etter gudstjenesta!

Den 12-14. april drar vi på SosialWeekend til Skjergardsheimen. SosialWeekend er Ungdomstunet sin årlege tur for ungdom. Det blir ein helg full av aktivitetar og moro!

Ingen skal måtte bli heime på grunn av økonomi, så ta kontakt om de ikkje kan betale. Vi håper DU har lyst å være med!

Påmeldingsfrist på nett innan 1.april!



KONFIRMANT NESTE ÅR?

Trur? Tvilar? Usikker? Nysgjerrig? ... Uansett er du velkommen som konfirmant i Os kyrkjelyd!

I konfirmasjonstida får du moglegheita til å utforske mange viktige spørsmål, du får du lære meir om **Gud - og deg sjølv**.

Mange får nye venner, eller blir bedre kjent med gamle venner. Kyrkja er eit stort **felleskap** der vi møter kvarandre med **respekt** for den vi er. Uansett kor like eller forskjellige vi er, så er alle like viktige for oss!

Påmeldinga opnar i mai!

Vi sender ut brosjyre til dei som er døypte og står i våre register, men alle kan finne informasjon på nettsida vår kyrkja.no/os eller ved å scanne denne:



Alle våre arrangement er rusfrie og for ungdom frå 8. trinn og oppover!

JOINUS

Tid: Onsdagar kl. 18.30-21
Stad: Tunet

KRIK OS

Tid: Fredagar kl. 18-19.30
Stad: Os aktiv

HAPPENING

Open møteplass i Tunet om lag annankvar fredag kl. 20-23



Martin Bakke Slåttsveen
Ungdomsleiar
Tlf. 97 66 64 56 | e-post mb369@kyrkja.no

Les meir og følg oss på



@ungdomstunet

| www.ungdomstunet.net |



/ungdomstunet

Konfirmantane i Os kyrkjelyd 2024

Sundag 5. mai 2024
Os kyrkje

Laurdag 4. mai 2024
Nore Neset kyrkje

Kl. 12.00

Andrea Holmefjord Paulsen
Emil Myksvoll Olufsen
Halvor Haugsgjerd
Ingrid Lyhammer-Solberg
Jonas Buvik
Kristian Danielsen Bakke
Leander Kremener
Lisa Bigseth Hjertholm
Maia Lund Hjertholm
Marie Lund Ask
Othilie Svortevik
Randi-Helene Bustadmo Baldersheim
Thor Bachmann Eriksen

Kl. 13.30

Adrian Jordalen
Agnes Titlestad Røttingen
Annabelle Storum Holm
Emma Sofie Skorpen Laugen
Fredrik Vangsnes Thomassen
Glenn Bøe Hagen
Hannah Lepsøy Haugland
Ida Nordtveit Hansen
Jakob Austevoll Lyssand
Miriam Vangsnes Thomassen
Nora Hjertnes Halhjem
Pia Eiken Fitje

KONF
IRM
AN
✦

Kl. 10.30

Alida Hansine Bjelle
Alve Lothe Måge
Christina Søreide Bergheim
Jonas Nybø Lyssand
Jonas Svarthumle
Milla Kristine Avsnes Lund
Sanna Lygre Teigen

Kl. 12.00

Adrian Lid
Alva Solberg Andersson
Amanda Hovden Flaterås
Anny Lossius
Benjamin Bogevik
Benjamin Reiertsen
Ciara Emelia Nilsson Jensen
David Heggland
Elise Lyssand
Glenn Lucas Røykenes Spaberg
Ida Askvik Brattetveit
Jacob Torsvik Dahl
Karoline Lid
Linnea Fagerlid Andreasson
Mariell Bøe
Marius Midttveit Karlsen
Mateo Heilund
Sanne Førde Valle
Silje Marie Tufta Kjellevoid
Thomas Klausen Turøy
Tiril Havsgård Skoglund

Kl. 13.30

Aleksander Hatvik Flister
Emilie Ognøy Veivåg
Karina Aksnes
Mathias Reisch Skåtøy
Niklas Hansen Takvam
Noah Leander Vågenes
Noor Bergsvåg Skjerven
Oliver Vågenes
Sindre Tveit Husebø

Laurdag 11. mai 2024
Os kyrkje

Kl. 10.30

Alexander Røysland
Amalie Klakegg Jensen
Christian Fossberg
Dorthea Kleppe Pedersen
Erling Lund Bertheussen
Even Nekkøy Solstad
Ida Graadal
Jørgen Pettersen-Velsvik
Kristoffer Lund Hunnes
Leah Nymark Bøe
Linnea Paus Fønnes
Marielle Elvsveen Frøyset
Marius Cenal Økland
Mona Tømmernes Bjørnevik
Sigurd Martin Søviknes
Thea Haringstad Rambjørg
Torbjørn Mo
Åsne Skoglund Underhaug

Kl. 12.00

Adrians Lohmanovs Nemikins
Aksel Qvale
Alise Gjerde Aralt
Andreas Tysse
Ariana Linde Hatlelid
Colin Valdez Sydnes
Ellinor Bjaadal
Emilia Sætre Heggen
Emma Farestveit Dale
Johan Fredrik Risnes Bjordal
Jorunn Skaatun Hergum
Julie Bøe
Leon Alexander Rundgren Takle
Linneah Andreassen Rokkones
Liva Færeveaag
Luka Elias Aaland Bach
Marie Hallesby Evjedal
Martin Bjånes Hovden
Nikolai Guttormsen Wiers
Philip Bagger Aarvik
Pia Therese Løland-Korsvold
Vilde Honningsvåg
Vilde Eide Høviskeland
William Neteland Skår

Kl. 13.30

Anna Kristin Pettersen
Anton Mathisen
Daniel Rodriguez Sundøy
Daniel Alexander Bjørkhaug Dyke
Eline Egge Søviknes
Elise Tveit Sælen
Emilie Storum Vik
Henriette Bakke
Håvard Skromme Toft
Isak Håkonsund Milazzo
Johannes Renee Førde Bernsen
Kasper Dyngeland Ognøy
Lasse Eikeland
Levi Aksland
Lila Dahl
Lilli Røren
Malin Høiberg Kittelsen
Mina Tømmerbakk Hausberg
Njård Espeland
Oliver Nylund Pettersen
Pia Hindenes
Sverre Bjerkvig
Ulrik Boge-Torsvik
Viljar Moberg
William Alexander Nyland

Sundag 12. mai 2024
Nore Neset kyrkje

Kl. 11.00

Ole Christoffer Røstum

Kl. 12.00

Alexandra Hufthammer
Anna Jacobsen Askvik
Anneli Østgulen Rondestveit
Emilie Linnea Libnau
Jonathan Tveit Aars
Lina Printzlau Wiik
Marius Albrechtsen Moe
Mathias Gaasdal
Mia Hjertholm
Mikal Skage Seilen
Thea Døsen Borgen
Thomas Kvalvaag
William Wangensteen Leirvåg

Kl. 13.30

Aasta Sofia Favour Storum
Alexander Haugland
Amalie Oma Haugland
Andrea Gjevne Røttingen
Angelica Underdal
Fredrik Strønen Sperrevik
Lineah Maria Ertesvåg
Magnus Øiamo
Nicolay Austevoll Nielsen
Sannah Midtbø
Sofie Luisa Solberg
Torben Lyssand Skaathun
Torjus Thorsnes Nybrot



**Til lukke med
konfirmasjonsdagen!**

Helsing Os kyrkjelyd

Napp ut og heng opp!

Os kyrkjelyd Vårkalender

MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	T ORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
18 12 <i>mars</i> Foreldre møter foreldre Speidaren	19 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Heilt førsteklases!	20 Strikk til Tunet Opplev påska <i>Os kyrkje</i> JoinUs	21 Babysong <i>Nore Neset</i> ShubaDubs-teater KOReDu-teater	22 KRIK Happening	23	24 Palmesundag <i>Os 11</i>
25 13 Påskeferie	26	27	28 Skjærtorsd ag <i>Luranetunet 11</i> <i>NN 19</i> Kveldsmat <i>Nore Neset</i>	29 Langfredag <i>Os 12</i>	30	31 1. påskedag <i>Os 11</i>
1 2. påskedag 14 <i>april</i> <i>Smievågen 12</i>	2 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Heilt førsteklases!	3 Strikk til Tunet JoinUs	4 Babysong <i>Nore Neset</i> ShubaDubs KOReDu	5 <i>Os ungdomsgudsteneste 20</i> Happening	6 Basar Strikk til Tunet	7 <i>NN 11</i> <i>Os 11</i>
8 15 Foreldre møter foreldre Speidaren	9 Open barnehage Eldretreff <i>Kløvertun</i> Heilt førsteklases!	10 Strikk til Tunet JoinUs	11 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia Språk-kafé KOReDu Tweens	12 SosialWeekend Ungdomstunet---	13 ----->	14 <i>Os 11</i> Søndagssamling
15 16 Foreldre møter foreldre Speidaren	16 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	17 Strikk til Tunet JoinUs konsert	18 Babysong <i>Nore Neset</i> ShubaDubs KOReDu	19 KRIK Happening	20	21 <i>NN 11</i> <i>Os 11</i> Årsmøte Os sokn 13 <i>Os kyrkje</i>
22 17 Foreldre møter foreldre Speidaren	23 Open barnehage Jorids sanseteater	24 Strikk til Tunet JoinUs	25 Senior-Koinonia Språk-kafé KOReDu Tweens TITT	26 KRIK	27	28 <i>Os 10 + 11.15</i> Aldri Åleine
29 18 Foreldre møter foreldre Speidaren	30 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	1 Arbeidaranes dag <i>mai</i>	2 ShubaDubs KOReDU	3 KRIK Happening	4 <i>NN 10 + 11.30 + 13</i>	5 <i>Os 10 + 11.30 + 13</i>
6 19 Speidaren	7 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Eldretreff <i>Kløvertun</i>	8 Strikk til Tunet JoinUs	9 Kristi himmelf artsdag <i>Os 11</i>	10	11 <i>Os 10 + 11.30 + 13</i>	12 <i>Os 11</i> <i>NN 11 + 12 + 13.30</i> Søndagssamling
13 20 Speidaren	14 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	15 Strikk til Tunet JoinUs	16 <i>Luranetunet 11</i> ShubaDubs KOReDU	17 Grunnlovsdag <i>Os 10</i> Kiosk i Tunet etterpå!	18	19 1. Pinsedag <i>Os 11</i>
20 2. pinsedag 21 <i>Lysekloster kapell 11</i>	21 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	22 Strikk til Tunet JoinUs	23 Senior-Koinonia Språk-kafé KOReDU Tweens	24 KRIK	25	26 <i>Os 10 + 11.15</i> <i>NN 11</i> Aldri Åleine
27 22 Speidaren	28 Open barnehage Jorids sanseteater Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	29 Strikk til Tunet JoinUs	30 ShubaDubs KOReDu sommarkonsert Garden of Eden temakveld <i>Nore Neset</i>	31 <i>Os ungdomsgudsteneste 20</i> Happening	1 <i>juni</i>	2 <i>Os 11</i> Sommarfest
3 23 Speidaren	4 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	5 Strikk til Tunet JoinUs	6 Språk-kafé	7 KRIK Speidarleir <i>Rolvsvågen</i> ---	8 ----->	9 <i>NN11</i> <i>Os 11</i> Kor-konsert: STEMMER <i>Nore Neset</i>
10 24	11 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	12 Strikk til Tunet JoinUs	13 <i>Luranetunet 11</i>	14 KRIK Happening	15	16 <i>Os 11</i>
17 25	18 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	19	20	21	22	23 <i>NN 11</i>
24 26 Skapingsdagane	25 Skapingsdagane	26 <i>Os 14</i> Skapingsdagane	27	28	29	30 <i>Os 11</i>


Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida www.kyrkj a.no/os for oppdateringar, detaljar og påmelding!



BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymmer seg her?



Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for? Oppgåver.

Har du høyrte om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



FOR BORN OG FAMILIAR

OPPLEV PÅSKEN!

Påskevandring for 5-åringar
20. mars kl. 17.00 i Os kyrkje

Alle fødd i 2019 (eller der omkring) er invitert til ei vandring gjennom kyrkja og gjennom påska, med stasjonar der historia blir levande med fortelling, medverknad og aktivitet. Bli med å vifte med palmegreiner, vaske føtene (om ein vil), ete måltid i lag og undre oss over det store underet som skjer på slutten av forteljinga. Påmelding til Opplev påska og andre arrangement skjer enklast på nett!

Babysong-kurs med oppstart 7. april
Kl. 10.30 på Open barnehage i Tunet

Som ein del av trusopplæringa i Os kyrkjelyd har vi gleda av å invitere alle småtroll inn til fine stunder med babysong både i Tunet kyrkje- og kultursenter og i Nore Neset kyrkje. Denne våren har babysong oppstart den 7. april i Tunet og du og din lille er <3lig velkommen.



Skapingsdagane 24.-26. juni
Kl. 9.00 - 15.00
for born fødd 2016 og 2017

Bibelen seier at du er verdifull og skapt til å bruke heile deg! Bibelforteljinga om skapinga er utgangspunktet for det vi lagar. I lag med kunstnarar og andre born skapar vi vår eigen kunst på ulike måtar. Anten du likar å lage musikk og spele trommer, forme med leire, danse, spele teater, måle eller sy, trur vi du vil trivast på Skapingsdagane! Påmeldinga opnar litt seinare i vår.



PÅMELDING TIL ARRANGEMENT

Scann QR-koden eller gå inn på

www.kyrkja.no/os!



Sylvi Lundgren
Kyrkjelydsmedarbeidar,
born og familiar
sl828@kyrkja.no



Vibeke Stang
Kyrkjelydspedagog
vs653@kyrkja.no

ShubaDubs og KOREdu
får besøk!



21. mars kl 17.30 i Tunet

Klovnene Tipp og Topp besøker oss med ein humoristisk og varm forestilling som engasjerer store og små. Kva har dei med seg i kofferten? Kan dei eigentleg trylle? Og kven er klovnane sin beste venn?

Denne forestillinga passar for born i alderen 3-9 år og er open for alle!

KOREdu-Tweens og Aldri Åleine
får også besøk...



Tweens-teater i Tunet
21. mars 17.30

Bibelen er ei bok med mange skattar! Bli med på en forestilling der vi gjennom fortelling, sansing og musikk opplever ulike bibelfortellinger. Kanskje vil du bli kjent med nye historier eller oppleve bibelfortellingene på en ny måte? Denne forestillinga er open så alle som er i tweensalder 10-13 år er hjarteleg velkomen til litt påfyll rett før påske.

Aktuelle verdier frå gamal tid

Moster gamle kyrkje. Tusenårsjubileet for kristenretten på Moster blir markert både på Moster og i kyrkjene i bispedømet. Foto: Moster amfi/Abstract media



Guds fire døtre

Omgrepet "Guds fire døtre" eller "Dei guddomelege søstene" er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseining der lova var uklar skulle bli høyrte for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettfærdig: Miskunn, rettfærd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen. *Miskunn* skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen; *sanninga* må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, *rettfærd* skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen, og *fred* skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vrede.

TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underholdande og opplysende mini-serie med Farmen-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmaterieell for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.



Kristenretten slo fast at «Gud er alle sin ven». Frå TV-serien «Hendelsen som forandret Norge» ved Thor Haavik. Foto: TV Inter

I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i. I kyrkjene i Bjørgvin vil verdiåret bli markert på pinsedag, 19. mai.

Kristenretten 1024

Under mottoet "Feira fortid - forma framtid" vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Nasjonalt jubileum med særleg fokus på barn og unge. Hovudmarkering for alle på Moster 29. mai - 2. juni 2024.

Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla Magnus VI «Lagabøte» (tilnamnet tyder nettopp ein som bøter eller samlar lover) for første gong heile landet under éi lov. Biskopen inviterer sjølv til seks temakvelder i Bergen domkirke dette året.

Verdisseglass med verdisamtalar

Verdisseglass 2024 er ei pilegrimsferd i fleire etappar langs Kystpilegrimsleia frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek i verdisamtalar inspirert av "Guds fire døtre" og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane skal føra til råd for for framtida som vil bli lagt i Kystpilegrimskista som verdibrev til Nasjonaljubileet Norge 1000 år og preses i Den norske kyrkje. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 følgjer seglasen frå start til slutt.



Verdisseglassen vil ta med seg verdibrev frå unge langs Vestlandskysten. Foto: Vestland fylkeskommune

Etappane er som følgjer:

21. mai: Frå Moster til Bergen og opning av Magnus Lagabøte-utstilling

1. juni: Frå Sokndal/Egersund til jubileumshelga på Moster 2024

6.-8. juli: Frå Bergen til Gulatinget og vidare til Kinn/Selja til feiring av Seljumannamesse 1000 år 6.- 8. juli,

27. juli: Frå Selja til Smøla og vidare til Nidaros - Nasjonaljubileet Norge 1000 år og Olavsfestdagane

Les meir om verdiåret 2024 på bispedømet si nettside <http://kyrkja.no/bjorgvin/2024>



Jens Zeuthen Meyer
Rådgjevar for kommunikasjon
Bjørgvin bispedøme

18. desember hadde Irina Tarasova sin fyrste arbeidsdag som kantor i 100% stilling i Os sokn. Ho rakk både ein full dag med skulegudstenester, ei hektisk julehøgtid med mange gudstenester og ein god del gravferdsremoniar nesten før ho fekk helst på dei andre på kontoret... Etter ein intens start fekk vi etter nokre veker tid til ein liten oppstartsprat med vår nye musikalske leiar.



Kan du fortelle litt om deg sjølv?

Eg heiter Irina og er utdanna kantor og master i utøving, piano. Før eg kom til Os jobba eg som kantor i Øygarden i 7 år og i Solund i 4 år. Eg er gift og har to jenter på 6 og 9 år.

Kva liker du best med din nye jobb?

Det er musikk som er lidenskapen min, så eg liker aller best å spele orgel og piano.

Har du nokre nye prosjekt du vil i gang med her på Os?

Ja, eg har halde ein del på med kor der eg jobba før, så eg håper vi kan få til meir song i kyrkja framover!

Kva liker du å gjere når du har fri?

Når eg har fri, liker eg å gå på fjelltur med familien min.

Fortell en funfact om deg selv!

Eg synger høgt i bilen når eg står i bilkø frå Sotra!

Hjarteleg velkommen i Os kyrkjelyd, Irina!

Tekst: Ine Sofie Moen

Salmeskatten

Salme 198 - Ljos over grav som oss livsvoni gav

1 Ljos over grav som oss livsvoni gav, rann med Guds Son ifrå daude. Solrenning klår som den venaste vår steig over gravstader aude. Ljoset og livet for alle mann strålande opp med vår Frelsar rann.

2 Engelen kvad over daudstille stad: Krist er med siger oppstaden! Sigrande vel over ormen frå hel bøtte han brotet og skaden. Syndi er sona og såret grødt, livet av daude er atter født.

3 Kristus stod opp som det livstre i knopp som i all æve skal bløma. Skapande liv han alt drepane driv, dauden for honom må røma. Så ved det livstre til Herrens pris ein gong me livnar i paradís.


4 Menneskeson, du til levande von ved di oppreising oss fødde! Liv gjennom grav ved din daude du gav, då for oss alle du blødde. Alle som levande på deg tru, døyande skal i ditt ljøs få bu.

5 Trøyst i vår trong som ein sumar med song ut frå din gravstad lat lysa! Ævelivs von gjennom trengsle og tjon* lat dine truande hysa! Så me alt her uti daudens land smakar den sæla du til oss vann.

6 Ljos over grav, fall som solskin på hav, når me frå verdi skal fara! Lys oss i land til den livsæle strand, fram til det liv som skal vara, så me ved ljøset frå påskedag sæle kan leva i englelag!

*) tjon tyder skade eller øydelegging

Ljos over grav som oss livsvoni gav er ein salme for påsketida med tekst skrive i 1890 av vår kjære salmediktar Elias Blix. Han brukar bilete som liv, lys og sol i motsetnad til død, grav og mørke om Jesu si oppstode i påskehøgtida. Mørket på langfredag må vike for lyset som kom påskemorgon. I fyrste verset kjem lyset og håpet tydeleg fram allereie i fyrste setning. Salmen startar og endar med "Ljos over grav". I siste verset avsluttar Blix med "Ljos over grav fall som solskin på hav". Her brukar han sjø og hav som bilete på menneskelivet som tek slutt. Han let lyset gliere over havet når den siste seglasen mot himmelhåpet ventar. Lyset frå påskedag skal skine og gje oss eit framtidshåp. Det er eit lys over grava, for den som trur på Jesus. Melodien til salmen blei laga allereie 19 år tidlegare av Ludvig Mathias Lindeman i 1871.



Anna Cecilie Norlund Oksavik
Organist

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.
www.osgravferdsbyraa.no

Sag og høvleri

DRANGE BRUK As

Høvel- og skurdlast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

GRAVMINNER
Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing

EIKNER 100år 2008

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | **www.verden.no**

Elektro-Design AS
AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING

BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

NMS GJENBRUK OS
MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Opningstider: Måndag stengt, tysdag-fredag 11-17, laurdag 11-15

Her finn du det meste - til ein rimelig pris!
Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

Vi treng fleire medarbeidarar til eit hyggeleg arbeidsmiljø!
Ta kontakt ved interesse!

MILJØ MØTEPlass MISJON

Følg oss på Facebook "NMS Gjenbruk Os"

OS HAGESERVICE
alt innen hage

Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no




Daniel Røksund
938 26 432





Alexander Olsen
473 80 260

Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.

 Kom innom vårt kontor i Os sentrum

 Ring oss 915 05560

 Kontakt oss på emvest.no

Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.


EiendomsmeidlerVest



ÅRET RUNDT

Frå ute-avdelinga sin kontorplass

Gjennom året er det mykje arbeid som pågår på dei sju kyrkjene og elleve gravplassane i Bjørnafjorden. Kanskje har du sett dei i sving, eller kanskje dette heilt naudsynte arbeidet blir litt "usynleg" i kvardagen? Det som i alle fall er sikkert, er at drifts-avdelinga gjer ein enorm jobb for at både bygg og uteområde skal vera innbydande, tilgjengeleg og trygge - året rundt. Dei kjem hutrande inn på pauserommet om vinteren, eller så har dei måtte vri opp arbeidsklede etter ein våt føremiddag. Det er nok lett for oss andre å vere glad vi har ein "innejobb" akkurat då.

Tett på det nye livet

Men så skjer det noko om våren. Påska er tida for nytt liv, og brått skifter uteseksjonen til lettare arbeidsklede, og kjem inn med solbrente panner og frisk plantejord på hanskane. Gjennom alle dei store skiftene i naturen er dei tett på elementa og får oppleve kyrkjene og omlandet på nært hald. Bileta til venstre syner nokre kontrastar - frå Kenneth bak snøfresen til roser i blom på Kuventræ. Perlemorsskyene på forsida er eit anna syn som møtte kyrkjegardsarbeidarane då dei kom til "kontorplassen" sin sist desember.

Rollebyte i leiargruppa

Dagleg leiar i Fusa sokn, Hans Einar Markhus, har fungert som kyrkjevevjerje i tillegg til sine vante oppgåver eit drøyt år, i vår faste kyrkjevevjerje Kristine Fjeld sitt sjukefråver. No har vi fått ei løysing på plass som gjer at underteikna overta rolla som fungerande kyrkjevevjerje i Bjørnafjorden frå mars 2024. Markhus vil framleis vere dagleg leiar i Fusa og dessutan ha rolla som assisterande kyrkjevevjerje. Eg vil halde fram å vere dagleg leiar for Os sokn, men har flytta ein del oppgåver til andre i staben for å rydde plass til kyrkjevevjerje-oppgåver. I sum trur vi dette blir ei tenleg løysing for heile organisasjonen.



Sigurd Rotvik Tunestveit

Dagleg leiar, Os sokn
Fungerande kyrkjevevjerje,
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Nettside
kyrkja.no/bjornafjorden

Facebook
facebook.com/Den.norske.kyrkja.i.Bjornafjorden

Kontakt
Tlf: 56 57 24 00 | E-post: post.bjornafjorden@kyrkja.no

Fellesrådsleiar
Lars Erik Dalland
E-post: ledalland@gmail.com

Kyrkjevevjerje
Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 93 86 91 09 | E-post: st575@kyrkja.no

Konsulent
Monica Refsdahl
Gravplassforvaltning, økonomi
E-post: mr346@kyrkja.no

Torsdag i Tunet «13 års jubileum» med ONDT I RYGGEN 25. april kl 20.00

Torsdag i Tunet inviterer til en musikalsk vårfest i april. TITT runder 13 år. For å markere dette har vi invitert med oss «Ondt i ryggen» som spiller litt gammel musikk, med Kari Torsvik og Svante Havåg som vokalister.

TITT hadde sitt første møte i 2011 der Sigbjørn Grønås snakket om "Korleis tru når vitskapen veit?". Siden har vi tatt opp mer enn 80 ulike tema av mellommenneskelig karakter, om kyrkjepolitikk, bibeltema og invitert til flere kulturelle arrangement. Denne torsdagen i april «titter» vi tilbake og inviterer til ein diskusjon om korleis Torsdag i Tunet vidare kan ta opp ulike tema som kan være til nytte for folk flest. Men mest blir det musikk og litt festlig mat!

Velkommen!

KOR-KONSERT STEMMER



Nore Neset kyrkje Søndag 9. juni kl. 15

Billetter kr.200 (Student kr.50)
kjøpast på kyrkjekontoret eller i døra



JAZZ PÅ NORSK I TUNET Torsdag 18. april kl. 20

Billetter kr.200 kjøpast på kyrkjekontoret eller i døra



Møte Merkedag Minnesamvær **Leig lokale i Tunet!**

Informasjon og prisar får du ved
å ta kontakt på post.os@kyrkja.no
eller telefon 56 57 24 00



Frå kyrkjebøkene



Døyppte

Velkommen i kyrkjelyden!

26. november 2023
Lian Askvik Tjønnteig
Sofie Røttingen Eide
Leon Oliver Ellingsen Hella
Aria Johanne Lien-Schurmeyer
Olav Braathen Bakke
Josefine Hetlevik Tysseland
Jacob Drange Blytt
Leah Cavallius Hodneland

3. desember 2023
Frøya Eikesdal-Nernes
Oskar Aune Havsgård

10. desember 2023
Pia Torsvik Aasen
Jens Håland
Alma Valle Monsen
Birk Mjelde Carlsen

7. januar 2023
Emma Nystad Wold
Leander Eidsvik Klementsen
August Eidsvik Klementsen
Lasse Bruarøy

21. januar
Emil Askvik
Solveig Rippe Værøy
Theodor Hestvik Midthun
Norman Nii Okine Rønnestad
Ulrik Marinus Bertelsen Berentzen
Mia Sofie Selstad
Emil Rong Madsen

28. januar
Embla Tengesdal
Thea Tresselt
Hedda Lyssand Nesse
Eira Lovise Skjelnes-Haavik

4. februar
Knut Oppedal Osmundsvaag
Amalie Aasen Frotjold
Vetle Gangstø Lund

11. feb
Mateo Heilund

18. februar
Filip Risa-Kalvenes
Lea Merkesvik-Lang
Hermine Furevik Bergesen
Sofia Langhelle
David Pettersen Brekkan

25. februar
Mathias Gaasdal
Julie Havsgård Rubach
Alma Øvstun Ten Napel
Tiril Hellesøy
Victoria Havsgård Rubach



Vigde

Gratulerer med kjærleiken!

Os kyrkje 30. desember 2023
Rebecca Calluna Granger Walters & Sondre Haugland

Os kyrkje 31. desember 2023
Jorunn Nordbø & Christian Drønen Garvik

Os kyrkje 7. februar 2024
Elise Framholt Jaritz & Adrian Framholt Brandshaug

Os kyrkje 9. februar 2024
Hilde Hjelle & Frode Nytræ



Døde

Daniel Andre Pedersen
f. 04.03.1987 d. 04.11.2023

Olav Einar Bakke
f. 30.04.1930 d. 16.11.2023

Anna Bergitta Lekven
f. 18.03.1933 d. 17.11.2023

Asbjørn Gill
f. 15.12.1947 d. 18.11.2023

Björg Nordal Bøe
f. 09.12.1940 d. 20.11.2023

Kåre Olav Lunde
f. 04.03.1932 d. 21.11.2023

Lauritz Haga
f. 15.06.1943 d. 24.11.2023

Nelly Johanna Lunde
f. 27.04.1937 d. 28.11.2023

Erik Johan Herland
f. 19.11.1938 d. 02.12.2023

Ågot Bertine Gjerde
f. 20.01.1922 d. 03.12.2023

Steinar Eidsvik
f. 17.06.1936 d. 05.12.2023

Anne Jorunn Øyjordsbakken
f. 27.02.1957 d. 05.12.2023

Magne Midtun
f. 30.09.1957 d. 08.12.2023

Harry Hammersland
f. 23.06.1943 d. 09.12.2023

Jenny Bøthun
f. 21.01.1931 d. 12.12.2023

Edvin Eikeland
f. 21.06.1961 d. 13.12.2023

Iver Karl Larsen Bredeevig
f. 19.08.1928 d. 20.12.2023

Reidun Haugland
f. 22.11.1936 d. 21.12.2023

Selma Alette Vedholm
f. 16.10.1935 d. 23.12.2023

Svein-Asbjørn Henriksen
f. 16.09.1954 d. 23.12.2023

Laila Tøsdal
f. 23.03.1939 d. 24.12.2023

Anne Elene Valle
f. 21.03.1946 d. 26.12.2023

Inger Marie Vik
f. 17.09.1932 d. 01.01.2024

Jon Bernt Døsen
f. 03.02.1942 d. 04.01.2024

Trond Nils Hansen
f. 19.08.1942 d. 04.01.2024

Magnhild Nilsine Tøsdal
f. 07.06.1922 d. 10.01.2024

Morten Veseth
f. 10.02.1976 d. 13.01.2024

Sigurd Lorentz Nydal
f. 09.08.1932 d. 18.01.2024

Britt Ingebjørg Eikemo
f. 10.04.1946 d. 20.01.2024

Björg Marit Eck
f. 29.01.1932 d. 21.01.2024

Evy Helen Hansen
f. 19.05.1953 d. 22.01.2024

Solfrid Laila Wiik
f. 31.01.1933 d. 26.01.2024

Ingebjørg Holmefjord
f. 06.03.1945 d. 26.01.2024

Borghild Orrebakken
f. 11.09.1922 d. 29.01.2024

Aashild Kyte
f. 24.10.1930 d. 31.01.2024

Anny Haringstad
f. 24.02.1933 d. 01.02.2024

Jakob Haugen
f. 13.11.1950 d. 03.02.2024

Finn Bøe
f. 09.05.1947 d. 04.02.2024

Vidar Fristad
f. 10.04.1950 d. 08.02.2024

Jimmy Bjarne Øvredal
f. 19.07.1940 d. 14.02.2024

Kvil i fred

KONSERT MED KOREDUGRUPPA 30. MAI



Velkommen til eit **FYRVERKERI** av ein konsert i Storsalen!
Torsdag 30. mai kl. 18

Innsamla offergåver sidan 05.11.2023

Dato	Takkoffer til	Beløp
05.11.23	Eigen kyrkjelyd	7673,-
12.11.23	Tunet	8155,-
19.11.23	Misjonsprosjektet	3695,-
26.11.23	Eigen kyrkjelyd	6378,-
03.12.23	Os KFUK/M-Speidarane	8749,-
10.12.23	Tunet	6480,-
24.12.23	Kirkens Nødhjelp	56565,-
25.12.23	NMS	8363,-
31.12.23	CRUX – Vindfanget	6725,-
07.01.24	KFUK/M-Bjergvin	4936,-
14.01.24	Misjonsprosjektet	6896,-
21.01.24	Kirkens Bymisjon, Bergen	6454,-
28.01.24	Det Norske Bibelselskap	8312,-
04.02.24	Tunet	5192,-
11.02.24	Haraldsplass Samtalesenter	4792,-
18.02.24	Tunet	10564,-

Hjarteleg takk for gåvene!

Fasade • Ventilasjon • Taktekking • Blikkenslagerarbeid

I. BJØRØ

KOBBER & BLIKK

- ETAB 1902 -

www.bjoroblikk.no

post@bjoroblikk.no

☎ 56 300 481

Kolskogheiane 2, 5210 Os

Sokneprest
Roar Hallesby Evjedal
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

Kapellan
Anette-Emilie Gangstø
E-post: at826@kyrkja.no

Prostiprest
Svante Havåg
Tlf: 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

Fung. kyrkjeevjerje Bjørnafjorden
Dagleg leiar Os sokn
Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

Kantor
Irina Tarasova
E-post: it698@kyrkja.no

Organist
Anna Cecilie Norlund Oksavik
E-post: an785@kyrkja.no

Diakon
Ingrid Vik
Tlf: 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

Konsulent utleige/ resepsjon
Inger-Johanne Haugland
Tlf: 457 13 710 | E-post: ih985@kyrkja.no

Konsulent økonomi/ gravplassforvaltning
Monica Refsdahl
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

Frivilligkoordinator, administrativ konsulent
Ine Sofie Moen
Tlf: 984 06 111 | E-post: im763@kyrkja.no

Kateket
Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

Kyrkjelydsmedarbeidar, born og familiar
Sylvi Lundgren
Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog
Vibeke Stang
E-post: vs653@kyrkja.no

Ungdomsleiar
Martin Bakke Slåttsveen
Tlf: 97 66 64 56 | E-post: mb369@kyrkja.no

Driftsleiar
Kenneth Molland
E-post: km893@kyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar
Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Linn Kjerstin Østgulen
Terje Rød

Kyrkjegardsarbeidar
Marianne Tveit
Øyvind Dreyer

Kyrkjetenar
Jakob Nygard
Hanne Dahl
Ludvik Hodneland Sundfjord
Marie Hallesby Evjedal



Ungdomsleiar ungdomsprest

Fast 100% stilling

Vi leiter etter ein engasjert leiar til vårt store ungdomsarbeid på Os. Er du god på å bygge relasjonar og inspirere til trygge fellesskap med låg terskel og Jesus i fokus?

Då vil vi høyre frå deg!



Kjære lesar!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei **aktiv og levande** kyrkje for alle i Os?

Hugs at du får skattefrådrag for gåver inntil 25000 kroner i året!

Du kan gje via VIPPS til **#786791**, eller bruk kontonummer 3201.53.23484

Scann koden ovanfor for å bli fast gjevar eller sende ei enkeltgåve. **TUSEN TAKK!**

Os kyrkje			Nore Neset kyrkje		
17.03.2024	11:00	Bandgudsteneste, Fasteaksjonen 2024	30.06.2024	11:00	Gudsteneste
24.03.2024	11:00	Palmesøndag, Familiegudsteneste	07.07.2024	11:00	Gudsteneste
29.03.2024	12:00	Langfredagsmesse	14.07.2024	11:00	Gudsteneste
31.03.2024	11:00	Høgtidsgudsteneste, Påskedag	21.07.2024	11:00	Gudsteneste
05.04.2024	20:00	Ungdomsgudsteneste	28.07.2024	11:00	Gudsteneste
07.04.2024	11:00	Familiegudsteneste, utdeling av 4-årsbok	04.08.2024	11:00	Gudsteneste
14.04.2024	11:00	Bandgudsteneste	11.08.2024	11:00	Gudsteneste
21.04.2024	11:00	Gudsteneste (Årsmøte i Os sokn ca. kl. 12.30)	18.08.2024	11:00	Gudsteneste
28.04.2024	10:00	Dåpsgudsteneste	25.08.2024	11:00	Gudsteneste
	11:15	Gudsteneste	Lysekloster kapell		
05.05.2024	10:00	Konfirmasjon	20.05.2024	11:00	Gudsteneste, 2. Pinsedag
	11:30	Konfirmasjon	25.08.2024	11:00	Gudsteneste
	13:00	Konfirmasjon			
09.05.2024	11:00	Gudsteneste, Kristi Himmelfartsdag			
11.05.2024	10:00	Konfirmasjon			
	11:30	Konfirmasjon			
	13:00	Konfirmasjon			
12.05.2024	11:00	Gudsteneste			
17.05.2024	10:00	Gudsteneste			
19.05.2024	11:00	Høgtidsgudsteneste, Pinsedag			
26.05.2024	10:00	Dåpsgudsteneste			
	11:15	Gudsteneste			
31.05.2024	20:00	Ungdomsgudsteneste			
02.06.2024	11:00	Familiegudsteneste. Sommarfest			
09.06.2024	11:00	Gudsteneste			
16.06.2024	11:00	Gudsteneste			
26.06.2024	14:00	Skapingsgudsteneste (Kyrkjeflaten om vår)			